

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL**MØTEINNKALLING**

Dato: onsdag 3. februar 2021
Tid: kl. 15.00
Stad: digitalt møte – TEAMS

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

I samsvar med dei gjeldande nasjonale retningslinjene for smittevernomsyn blir møtet digitalt.

Ved forfall blir varamedlemer innkalla særskilt. Medlemer som meiner seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.l.*, blir berre sende til medlemer/varamedlemer.

Kommunedirektør/kommunalsjef helse og omsorg er invitert i sak 3

SAKLISTE:

01/21 Godkjenning av protokoll frå møte 04.11.20

02/21 Referat- og orienteringssaker 03.02.21

03/21 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef helse og omsorg

04/21 Brukarundersøking innan «Rus- og psykiatritenesta»

05/21 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Internkontroll i barnehage og skule»

06/21 Invitasjon til deltaking i forvaltningsrevisjon av Haugalandspakken

07/21 Årsmelding for kontrollutvalet 2020

Ymse

Ølen/Aksdal, 27.01.21

Kristian H. Risset (sign.)
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (invitert i sak 3)
Varamedlemer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	03.02.21	01/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 04.11.20

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 04.11.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Saksvedlegg: Protokoll frå møte 04.11.20

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 04.11.20 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 27.01.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag 4. november 2020 blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Kristian H. Ressel.

MØTESTAD:	Teamsmøte
MØTESTART-MØTESLUTT:	Kl. 15.00 – kl. 18.45
MØTANDE MEDLEMER:	Kristian H. Ressel (BBL), Olaug Mari Øen (Sp), Knut Severin Berge (Frp) og Anne Tone Salte Andersen (H)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	3. vara Gunnstein Koch (Krf)
FORFALL:	Eivind Hetland (Krf) – kort varsel 1. vara Øyvind Oland (H) og 2. vara Inga Elise Steinsland (Sp)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Rekneskapsrevisor Else Holst-Larsen og forvaltningsrevisor Ingrid Kalsnes – Deloitte AS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Yngve Folven Bergesen t.o.m.sak 34 og kommunalsjef oppvekst Nils Erik Eidei sak 33. Kommunalsjef helse og omsorg Sigurd Gjerdevik tilhøyrar i sak 34
ANDRE SOM MØTTE:	Fung. ordførar/varaordfører Tove Elise Madland (Ap) tilhøyrar t.o.m. sak 34
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 31/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14.10.20

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 14.10.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 04.11.20:

Utvalsleiar fremma at det er utvalet sine konklusjonar som skal bli protokollert, og ikkje medlemmene sine ulike meiningar som kjem fram under ordsiftet. Utvalet stetta han i dette. Utvalet hadde ingen merknadar til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.20:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 14.10.20 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 32/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 04.11.20

37. Statusrapport pr. november 2020
38. Oversikt over kostnadene til kontroll og tilsyn pr. november 2020
39. KST-vedtak 27.10.20, sak 61/20 – Val av revisjon
40. KST-vedtak 27.10.20, sak 62/20 – Plan for eigarskapskontroll
41. KST-vedtak 27.10.20, sak 63/20 – Plan for forvaltningsrevisjon
42. Innkalling til møte i rep. møte 13.11.20 – Haugaland brann og redning IKS
43. NKRF/dept. 24.08.20 – Enkeltrepresentanter kan delta digitalt i et ellers fysisk møte
44. NKRF/dept. 02.10.20 – Sekretariatet kan delta digitalt i fysiske møter i kontrollutvalget
45. Foreløpig invitasjon til Forum for kontrollutvalg i Rogaland sin konferanse i Sandnes 25.02.21

Handsaming i kontrollutvalet 04.11.20:

Leiar gjorde greie for referatsakene. Han ønskjer at økonomirapporten blir meir utfylljande og har oversyn over kostnader til prosjekt utvalet har tinga. Sekretær vil følgje det opp.

Leiar oppmoda medlemmene til å delta på digital kurs om «Slik takler du media» 01.12.20, i regi av FKT. Medlemmene kan sende påmelding til sekretariatet.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.20:

Referatsaker 37 – 45 blir tatt til orientering.

SAK 33/20 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – OPPVEKST**Sekretariatet si innstilling:**

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunalsjef oppvekst om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 04.11.20:

Kommunalsjef for oppvekst Nils Erik Eide orienterte og viste presentasjon. Med utgangspunkt i dei tre spørsmåla frå utvalet, gjorde han greie for korleis hans ansvarsområde var organisert. Han gjorde greie for kvar barnehage (4), kombinert barnehage og barneskule (3), barneskular (3), kombinerte barne- og ungdomsskular (3). Han meinte einingsleiarane hadde god økonomistyring, og dei fleste ville halde budsjettet i år. Det var berre Ølen skule som hadde eit varsla meirforbruk.

Han viste også oversyn over talet på avvik og sjukefråværsprosent. Kommunen skulle snart starta opp med eit nytt system for avviksrapportering.

Kommunalsjefen svarte på spørsmål om mellom anna avviksmeldingar, sjukefråvær, tidligare utfordringar ved Skjold skule og bruk av ulike kommuneplanar.

Leiar takka for ei særskild god og grundig orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.20:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunalsjef oppvekst om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

SAK 34/20 REVISJONSRAPPORT – «ØKONOMISTYRING INNAN HELSE OG OMSORG»

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Økonomistyring innan helse og omsorg» og tek denne til orientering.

Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 6 tilrådingar.

Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 04.11.20:

Forvaltningsrevisor Ingrid Kalsnes gjorde greie for rapporten og viste presentasjon. Ho gjorde greie for avgrensingane som var gjort. Prosjektet hadde eit avgrensa omfang på 100 timar. Forvaltningsrevisor gjorde greie for funna dei hadde gjort for kvar av dei to problemstillingane.

Kommunen hadde hatt ei vesentleg auke i ressursbruken innan helse og omsorg dei siste åra. Utviklinga i budsjetta hadde ikkje følgt opp denne utviklinga. Meirforbruket i 2019 var på over 27 mill. kr. Det ligg ann til eit stort meirforbruk også for 2020.

Revisor meinte at den politiske rapporteringa kunne vore endå tydlegare. Sjølve systemet for økonomirapportering var stort sett føremålstenleg, men det er viktig å laga treffsikre prognosar. Revisjonen meinte at kommunen ikkje sikrar tilstrekkeleg realisme i budsjetteringa. Forvaltningsrevisor gjorde også greie for dei seks tilrådingane i rapporten.

Utvalet drøfta innhaldet i rapporten, og meinte det var mykje nyttig informasjon. Kommunedirektøren kommenterte og svarte på spørsmål.

Utvalet var samd om å tilrå dei seks anbefalingane som kom fram i rapporten til kommunestyret og sette ein frist på seks månader for tilbakemelding.

Leiar takka for ei god og interessant rapport.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.20 og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Økonomistyring innan helse og omsorg» og tek denne til orientering.

Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 6 tilrådingar.

Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

SAK 35/20 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "....." i neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 04.11.20:

Leiar gjorde greie for saka. Utvalet var samd om å velja «Innkjøp og kvalitetssystem», som var prioritert fyrst i ny plan for forvaltningsrevisjon. Medlemmene drøfta, saman med forvaltningsrevisor, aktuelle problemstillingar og fokusområde for prosjektet. Forvaltningsrevisor noterte seg innspela, og vil ta dei med i det vidare arbeidet.

Utvalet blei samd om at prosjektet skulle ha særleg fokus på barnehage og skule.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.20:

Vindafjord kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet «Internkontroll og kvalitetssystem», med særleg vekt på barnehage og skule i neste møte.

SAK 36/20 REVISOR SI ATTESTASJONSUTTALE - ETTERLEVING AV REGLAR OG VEDTAK FOR ØKONOMI-FORVALTNINGA FOR 2019

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2019 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 04.11.20:

Leier innleia om saka. Rekneskapsrevisor Else Holst-Larsen orienterte. Ho gjorde greie for at etterlevingskontroll var ei ny oppgåve for revisor, etter ny kommunelov. Revisor forklarte at det ikkje var satt av mykje tid og resursar til dette arbeidet. Attestasjonen frå revisor blir difor med atterhald om at det er ein avgrensa kontroll, som vil gje moderat tryggleik.

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.20:

Vindafjord kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2019 til orientering.

SAK 37/20 ORIENTERING OM REVISJONSPLAN FOR REKNEKAPSÅRET 2020

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tar revisjonsplan 2020 frå Deloitte AS om rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor om interimrevisjonen så langt i 2020 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 04.11.20:

Rekneskapsrevisor Else Holst-Larsen gjorde kort greie for planen. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.20:

Vindafjord kontrollutval tar revisjonsplan 2020 frå Deloitte AS om rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor om interimrevisjonen så langt i 2020 til orientering.

SAK 38/20 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2021

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Vindafjord vedtar følgjande møteplan for 2021:

onsdag: 03.02, 05.05, 08.09 og 17.11 – kl. 15.00

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 04.11.20:

Leiar gjorde framlegg om at utvalet burde ha seks møter i året. Medlemmene stetta hans framlegg. Sekretær og utvalet kom fram til følgjande aktuelle datoar 16. juni og 27. oktober.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.20:

Kontrollutvalet i Vindafjord vedtar følgjande møteplan for 2021:

onsdag: 03.02, 05.05, 16.06, 08.09, 27.10 og 17.11 – kl. 15.00

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: onsdag 03.02.21, kl. 15.00

Ølen/Aksdal, 04.11.20

Kristian H. Risset
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	03.02.21	02/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 03.02.21

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker 1 – 5 blir tatt til orientering.

Saksvedlegg:

1. Statusrapport pr. februar 2021
2. Oversikt over kostnadene til kontroll og revisjon 2020 og budsjett 2021
3. KST-vedtak 15.12.20, sak 75/20 – rapport «Økonomistyring innan helse og omsorg»
4. Protokoll frå representantskapsmøte i HIM IKS 02.12.20
5. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland brann og redning IKS 13.11.20

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 27.01.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Statusoversikt februar 2021 - kontrollutvalet

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Internkontroll i barnehage og skule	03.02.21	250 timar	Prosjektplan er ferdig	08.09.21	9 problemstillingar
Andre saker					
Orientering om helse og omsorg	16.06.20			03.02.21	
Orientering om oppvekst	16.06.20			04.11.20	
Orientering frå kommunedirektøren	16.06.20			09.09.20	

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama av KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Økonomistyring innanfor helse og omsorgstenesta	27.05.20	04.11.20	15.12.20	Juni 2021	
Plan for eigarskapskontroll	20.11.20	09.09.20/ 14.10.20	27.10.20		
Plan for forvaltningsrevisjon	20.11.19	09.09.20/ 14.10.20	27.10.20		
Risiko- og vesentlegvurderingar	20.11.19	09.09.20	27.10.20		
Rus- og psykiatritenesta	21.11.18	02.10.19	19.11.19	09.09.20/ 22.09.20	Brukarundersøking lagt fram 03.02.21

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp i KU/KST	Merknader
IKT og informasjonstryggleik	22.11.17	12.09.18	31.10.18	08.05.19/ 28.05.19	Avslutta
Samhandlingsreforma	16.11.16	13.09.17	31.10.17	25.04.18/ 29.05.18	Avslutta
Ny personvernlov	25.04.18	12.09.18			Orientering frå rådmann

Prioriterte prosjekt i Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for eigarskapskontroll

Prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt:

1. Internkontroll og kvalitetssystem
2. Investeringar
3. Barnevernstenesta
4. Digitalisering og IKT
5. Plan- og byggesak

Prioriterte prosjekter for eigarskapskontroll:

1. Vindafjord tomteselskap AS
2. Krisesenter Vest IKS
3. Arbeidsmarknadsbedrifter
4. Haugaland brann og redning IKS



Rekneskap kontroll og revisjon 2020

Ansvar	Teneste	Art	Budsjett	Rekneskap	Avvik
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10510 Godtgjersle	0	1 836	-1 836
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10512 Løn - Bilgodtgjersle	0	1 180	-1 180
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10800 Godtgjersle politiske verv	28 699	29 640	-941
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10801 Møtegodtgjersle	15 998	14 996	1 002
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10802 Tapt arbeidsforteneste	3 004	0	3 004
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10900 Pensjon (KLP)	4 141	0	4 141
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10990 Arbeidsgjevaravgift	7 311	6 488	823
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11151 Bevertning	2 004	450	1 554
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11306 Utgiftsdekning telefoni	0	700	-700
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11400 Annonser / informasjon	1 296	0	1 296
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11501 Opplæring og kurs	30 000	16 464	13 536
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11600 Skyss og kostgodtgjersle	3 000	9 630	-6 630
1007 Politisk	1104 Kontrollutval	11703 Andre reiseutgifter tilsette	696	440	256
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11950 Kontigentar	6 000	7 000	-1 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	13750 Kjøp frå IKS	198 000	205 000	-7 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	14290 Mva som gir rett til mva-komp.	0	308	-308
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	17290 Mva-kompensasjon drift	0	-308	308
Sum			300 149	293 824	6 325
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	11202 Andre driftsutgifter/Forbruksmateriell	500	0	500
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	13700 Kjøp ekstern tenesteprod. (erstatte komm teneste)	444 451	464 197	-19 746
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	14290 Mva som gir rett til mva-komp.	110 004	116 049	-6 045
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	17290 Mva-kompensasjon drift	-110 004	-116 049	6 045
Sum			444 951	464 197	-19 246
Sum			745 100	758 021	-12 921



Budsjett kontroll og revisjon 2021

Ansvar	Teneste	Art	Budsjett
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10800 Godtgjersle politiske verv	29 600
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10801 Møtegodtgjersle	13 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10802 Tappt arbeidsforteneste	2 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10990 Arbeidsgjevaravgift	6 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11151 Bevertning	2 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11501 Opplæring og kurs	30 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11600 Skyss og kostgodtgjersle	4 700
1006 Politisk	1103 Kontrollutval	11651 Andre opplysningspliktige godtgjersler	700
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11950 Kontigentar	7 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	13750 Kjøp frå IKS	212 000
Sum			307 000
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	13700 Kjøp ekstern tenesteprod. (erstatte komm teneste)	465 000
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	14290 Mva som gir rett til mva-komp.	116 250
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	17290 Mva-kompensasjon drift	-116 250
Sum			465 000
Sum			772 000

VINDAFJORD KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
075/20	Kommunestyret	15.12.2020

Saksbehandlar: Gunnbjørg Nesbu
Sak - journalpost: 20/2758 - 2020020136

Forvaltningsrevisjonsrapport - økonomistyring innan helse og omsorg - Sak frå kontrollutvalet til kommunestyret

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Økonomistyring innan helse og omsorg» og tek denne til orientering.

Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 6 tilrådingar.

Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

15.12.2020 Kommunestyret

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KS-075/20 Vedtak:

Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Økonomistyring innan helse og omsorg» og tek denne til orientering.

Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 6 tilrådingar.

Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 for Vindafjord kommune var revisjon av «Økonomistyring» eit av dei prioriterte områda. Kontrollutvalet starta våren 2020 ein prosess med å gjennomføra ein slik revisjon.

I møtet 27.05.20, sak 8/20 la revisor fram ein prosjektplan og utvalet gjorde slikt vedtak i saken: Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Økonomistyring i helse og omsorg» i samsvar med vedlagte prosjektplan. Oppdraget tingast frå Deloitte AS innanfor ei ramme på 100 timar.

Møte i kontrollutvalet 4.november med sak til møte i kommunestyret 15.desember

Saks- og faktaopplysninger

Sjå vedlegg

Vedlegg:

Brev sak 34-20 rapport - Økonomistyring

Særutskrift sak 34 - rapport

Sak 34-20 Rapport - Økonomistyring

Rapport - økonomistyring



PROTOKOLL FRA MØTE 02.12.20 I REPRESENTANTSKAPET HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK IKS

Møtet ble holdt digitalt på Teams 2. desember 2020 fra kl. 15.00–16.45.

Følgende representanter møtte:

Bokn	Egil Våge
Bokn	June Grønnestad
Etne	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Etne	Kenneth Lyng Karlsen
Haugesund	Astri Furumo
Haugesund	John W. Pettersen
Haugesund	Karoline Sjøen Andersen
Haugesund	Arne Trygve Løvvik
Tysvær	Sigmund Lier
Tysvær	Sven Ivar Dybdal
Vindafjord	Gustav Løge Fosse (vararepresentant)
Vindafjord	Tove Elise Madland

Forfall:

Vindafjord	Ole Johan Vierdal
------------	-------------------

Dessuten møtte:

Arild Karlsen	Styreleder i HIM
Trond Kampen	Økonomi- og administrasjonsleder i HIM
Gry Dahle Lie	Informasjons- og fagsystemkonsulent i HIM
Gro Staveland	Adm.dir. i HIM

Dokumentasjon av fremmøte ble gjort ved navneopprop.

Innkalling

Evt. merknader til innkallingen

Ingen merknader til innkallingen.

Valg av møteleder og protokollfører

Astri Furumo ble valgt som møteleder og Gro Staveland ble valgt som protokollfører.

Valg av 2 representanter til å underskrive protokollen i tillegg til møteleder

Sigmund Lier og Arne Trygve Løvvik ble valgt.

Godkjenning av sakslisten

Sakslisten ble godkjent.

Referat- og orienteringssaker:

20.06 Protokoll fra møte i representantskapet 27.05.20

Signert protokoll fra møtet 27.05.20 ble tatt til etterretning

20.07 Orientering om renovasjonsbenchmarking og kundeundersøkelse 2020 ved informasjons- og fagsystemkonsulent Gry Dahle Lie

Orienteringen ble tatt til etterretning.



20.08 Orientering om HIM pr desember 2020 ved adm.dir Gro Staveland
Orienteringen ble tatt til etterretning.

20.09 Orientering om regnskap og andre nøkkeltall ved økonomi- og administrasjonsleder Trond Kampen
Orienteringen ble tatt til etterretning.

20.10 Status for arbeid knyttet til samarbeid mellom HIM og Karmøy kommune
Sigmund Lier orienterte kort om møte mellom ordførerne i HIM sine eierkommuner og ordfører i Karmøy kommune 20.10.20. Det er nå innkalt til et teams-møte 17.12.20, der en ønsker å få på plass referanse-, styrings- og arbeidsgrupper for å igangsette arbeidet. Det vil bli orientert om status i saken på neste møte i Representantskapet.

Vedtakssaker:

20.11 Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 – Enstemmig vedtak

1. Representantskapet vedtar budsjett for 2021 slik det er lagt frem i denne saken. Styret har fullmakt til å justere vedtatt budsjett av hensyn til driften innenfor de rammene som er gitt i vedtekten.
2. Representantskapet vedtar økonomiplan for perioden 2021-2024 slik den er lagt frem i denne saken. Vedtatt investeringsprogram legges til grunn for budsjettering og gjennomføring av tiltak i perioden. Investeringsrammen for 2021 er på inntil 39,9 mill kr, og styret gis fullmakt til å ta opp lån på inntil 33,915 mill kr til gjennomføring av tiltakene. Ved finansiering skal egenandelen vurderes, men den skal i utgangs-punktet være 15 %. Ved opptak av lån skal det benyttes en nedbetalingstid på maksimalt 40 år. Styret kan likevel bestemme at nedbetalingstid på lån skal være tilpasset levetiden for anleggsmidlene.
3. Økte driftskostnader blir justert i samsvar med virkelige kostnader når disse foreligger, og innarbeides i årsbudsjettet.
4. Styret gis fullmakt til å ta opp kortsiktig driftslikviditet på inntil 5,0 mill kr.

Eventuelt

- i) Neste møte i Representantskapet er 26. mai 2021 kl. 15-17 på Toraneset Miljøpark.

Astri Furumo

Astri Furumo
Møteleder og leder i representantskapet

Sigmund Lier
Sigmund Lier
Representant

Arne Trygve Løvrik
Arne Trygve Løvrik
Representant



Haugaland brann og redning iks

MØTEPROTOKOLL

Representantskapet for Haugaland brann og redning iks

Møtested:	Digital plattform (TEAMS)	
Møtedato:	13.11.2020	
Tid:	09 ⁰⁰ – 10 ³⁰	
Saker:	20/001-20/004	
Til stede:	Gerd Helen Bø, leder Jarle Nilsen, medlem Osmund Våga, medlem Linn Therese Erve, medlem Marte Eide Klovning, medlem Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, medlem Sigmund Lier, medlem Tove Elise Madland, varamedlem	Suldal Karmøy Bokn Sveio Utsira Etne Tysvær Vindafjord
Forfall:	Ole Johan Vierdal, medlem	Vindafjord
Andre:	Elling Hetland, styreleder Kristin Helle, styremedlem Torleif Østrem-Olsen, styremedlem Laila Steine, styremedlem Ole Martin Nordstrand, styremedlem Harald Hop, styremedlem Dag Botnen, daglig leder Siv Kristiansen, leder økonomi (sak 20/019)	
Diverse merknader:	-	
Underskrifter:		
Stad:	Haugesund	
Dato:	13.11.2020	

Gerd Helen Bø
leder

Jarle Nilsen
medlem

Osmund Våga
medlem

Linn Therese Erve
medlem

Marte Eide Klovning
medlem

Sigmund Lier
medlem

Mette Heidi Bergsvåg Eikrheim
medlem

Tove Elise Madland
varamedlem

Møteprotokoll er sendt til:

- eierkommuner
- revisjonen/KPMG
- Haugaland kontrollutvalgssekretariat

SAKSOVERSIKT

Sak nr	Tittel	Saksbehandling
20/015	Godkjenning av innkalling og saksliste	Vedtak
20/016	Godkjenning av protokoll 23.04.2020	Vedtak
20/017	Godkjenning av protokoll 21.10.2020	Vedtak
20/018	Revidering av selskapsavtale	Tilråding
20/019	Budsjett for 2021 med økonomi- og handlingsplan 2021-24	Vedtak
20/020	Sekretariat for IUA	Tilråding
20/021	Eventuelt	-

SAKSNR. SAKSPROTOKOLL

20/015 Godkjenning av innkalling og saksliste

BRANNSJEFEN SIN ANBEFALING

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som fremlagt.

Saksbehandling i representantskapet 13.11.2020

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som fremlagt.

20/016 Godkjenning av protokoll 23.04.2020

Brannsjefen sin anbefaling

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner møteprotokollen av 23.04.2020 som framlagt.

Saksbehandling i representantskapet 13.11.2020

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner møteprotokollen av 23.04.2020 som framlagt.

20/017 Godkjenning av protokoll 21.10.2020

Brannsjefen sin anbefaling

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner møteprotokollen av 21.10.2020 som framlagt.

Saksbehandling i representantskapet 13.11.2020

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner møteprotokollen av 21.10.2020 som framlagt.

20/018 Revidering av selskapsavtale

Brannsjefen sin anbefaling

1. kommunestyre vedtar revidert selskapsavtale slik den er fremlagt.

Saksbehandling i styret 13.11.2020

Selskapsavtalen er oversendt Deloitte advokater as for gjennomgang. Brannsjefen får fullmakt til å justere for mindre endringer før avtalen sendes representantskapet. Eventuelle større endringer må behandles på nytt i styret før endelig fremleggelse av saken for representantskap.

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Styrets framlegg til vedtak

1. kommunestyre vedtar revidert selskapsavtale slik den er fremlagt.

Saksbehandling i representantskapet 13.11.2020

Under § 2-1 tas innskudd av selskapskapital fra Haugesund kommune ut av tabell. Summen av selskapskapital blir etter dette mindre enn kr 5 000 000 og det gis forklaring til dette i fotnote.

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Representantskapets framlegg til vedtak

1. kommunestyre vedtar revidert selskapsavtale slik den er fremlagt.

20/019 Budsjett for 2021 med økonomi- og handlingsplan 2021-24**Brannsjefens forslag til vedtak**

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner driftsbudsjettet som fremlagt med en ramme på kr. 94 128 063,- hvor fordelingen er:

Driftsbudsjett:	92 349 040,-	(3,4 %)
Investeringer:	1 779 023,-	
Tillegg 2021 (tiltak):	0,-	
Selvkostområde (feiing):	13 172 868,-	

Dette gir en fordeling per eierkommune, ref. selskapsavtale § 2-3:

Kommune	Drift	Inv. felles/ etterslep	Nye tiltak	Feiing/ gebyr	Total pr kommune
Bokn	1 643 813	14 350 148 627		244 634 -244 634	1 806 790
Karmøy	48 769 528	425 749 -		6 533 991 -6 533 991	49 195 277
Suldal	6 242 795	54 498 22 519		972 492 -972 492	6 319 812
Sveio	6 418 258	56 030 157 635		1 049 877 -1 049 877	6 631 923
Tysvær	12 725 698	111 093 193 666		1 799 166 -1 799 166	13 030 457
Utsira	341 691	2 983 94 581		38 960 -38 960	439 255
Etne	5 864 164	51 193 22 519		878 342 -878 342	5 937 876
Vindafjord	10 343 092	90 293 333 285		1 655 405 -1 655 405	10 766 670
Sum	92 349 040	1 779 023		-	94 128 063

Det forutsettes at innbetaling av tilskudd for hver eier skal skje med ¼ per 5.1.2021 og ¼ per 1.7.2021.

2. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks godkjenner handlings- og økonomiplan 2021-2024 slik den er fremlagt.

Saksbehandling i styret 02.09.2020

Budsjettet ble presentert av leder økonomi.

Det ble oversendt et notat fra rådmennene til styreleder 01.09.2020 22.17 om hvilke forventninger eierkommunene har til årets budsjett. Dokumentet avviker fra eiermøte 04.06.2020 og det var ikke mulig å innarbeide nye forventninger i budsjettet som skulle behandles i styremøte 02.09.2020. Styre foreslår derfor følgende vedtak:

1. *Styret for Haugaland brann og redning iks ber daglig leder om at fremlagt budsjett sees opp mot forventningsnotatet til eierkommunene og fremlegges på nytt 14.10.2020 sammen med en konsekvensvurdering.*

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

STYREVEDTAK

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber daglig leder om at fremlagt budsjett sees opp mot forventningsnotatet til eierkommunene og fremlegges på nytt 14.10.2020 sammen med en konsekvensvurdering.

BRANNSJEFENS ANBEFALING (REVIDERT)

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner driftsbudsjettet som fremlagt med en ramme på kr. 91 633 741,- hvor fordelingen er:

Driftsbudsjett:	89 854 718,-	(2,0 %)
Investeringer:	1 779 023,-	
Tillegg 2021 (tiltak):	,-	
Selvkostområde (feiring):	13 172 868,-	

Dette gir en fordeling per eierkommune, ref. selskapsavtale § 2-3:

Kommune	Drift	Inv. felles/ etterslep	Nye tiltak	Feiring/ gebyr	Total pr kommune
Bokn	1 468 104	14 350 148 627		244 634 -244 634	1 631 081
Karmøy	47 966 030	425 749 -		6 533 991 -6 533 991	48 391 779
Suldal	6 117 424	54 498 22 519		972 492 -972 492	6 194 441
Sveio	6 154 880	56 030 157 635		1 049 877 -1 049 877	6 368 545
Tysvær	12 322 371	111 093 193 666		1 799 166 -1 799 166	12 627 130
Utsira	241 481	2 983 94 581		38 960 -38 960	339 045
Etne	5 745 031	51 193 22 519		878 342 -878 342	5 818 743
Vindafjord	9 839 401	90 293 333 285		1 655 405 -1 655 405	10 262 979
Sum	89 854 718	1 779 023		-	91 633 741

Det forutsettes at innbetaling av tilskudd for hver eier skal skje med ¾ per 5.1.2021 og ¼ per 1.7.2021.

2. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks godkjenner handlings- og økonomiplan 2021-2024 slik den er fremlagt.

Saksbehandling i styret 29.09.2020

21

Konsekvensdokumentet ble tatt opp og det kom innspill på endringer som bør gjøres før dette legges frem for representantskapet. Endelig dokument sendes sammen med sakene til møtet 13. november.

Ut fra de føringene som ble gitt av eierkommunene 01.09.2020, er det jobbet med budsjettet for å imøtekomme forventningene. For å opprettholde eksisterende drift, men med justering av de aktivitetsendringer som er mulige, fremlegges budsjettet med en ramme som er 2 494 322,- lavere enn opprinnelig budsjett.

I tillegg til reduksjonen må det tas hensyn til at vi gjennom rammen gjennomfører investeringer som opprinnelig skulle skje i hver enkelt kommune (etterslep). Videre vil økt husleie også påvirke mulighetsrommet for reduksjon.

Ut fra signal fra ledergruppa om høy arbeidsbelastning ber styret daglig leder om å kartlegge og gjennomføre tiltak for å redusere arbeidsbelastningen på nøkkelpersoner i organisasjonen.

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

STYRET SITT FORSLAG TIL VEDTAK

- Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner driftsbudsjettet som fremlagt med en ramme på kr. 91 633 741,- hvor fordelingen er:

Driftsbudsjett:	89 854 718,-	(2,0 %)
Investeringer:	1 779 023,-	
Tillegg 2021 (tiltak):	0,-	
Selvkostområde (feiing):	13 172 868,-	

Dette gir en fordeling per eierkommune, ref. selskapsavtale § 2-3:

Kommune	Drift	Inv. felles/ etterslep	Nye tiltak	Feiing/ gebyr	Total pr kommune
Bokn	1 468 104	14 350		244 634	1 631 081
		148 627		-244 634	
Karmøy	47 966 030	425 749		6 533 991	48 391 779
		-		-6 533 991	
Suldal	6 117 424	54 498		972 492	6 194 441
		22 519		-972 492	
Sveio	6 154 880	56 030		1 049 877	6 368 545
		157 635		-1 049 877	
Tysvær	12 322 371	111 093		1 799 166	12 627 130
		193 666		-1 799 166	
Utsira	241 481	2 983		38 960	339 045
		94 581		-38 960	
Etne	5 745 031	51 193		878 342	5 818 743
		22 519		-878 342	
Vindafjord	9 839 401	90 293		1 655 405	10 262 979
		333 285		-1 655 405	
Sum	89 854 718	1 779 023		-	91 633 741

Det forutsettes at innbetaling av tilskudd for hver eier skal skje med ¾ per 5.1.2021 og ¼ per 1.7.2021.

- Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks godkjenner handlings- og økonomiplan 2021-2024 slik den er fremlagt.

Saksbehandling i representantskapet 13.11.2020

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner driftsbudsjettet som fremlagt med en ramme på kr. 91 633 741,- hvor fordelingen er:

Driftsbudsjett:	89 854 718,-	(2,0 %)
Investeringer:	1 779 023,-	
Tillegg 2021 (tiltak):	0,-	
Selvkostområde (feiing):	13 172 868,-	

Dette gir en fordeling per eierkommune, ref. selskapsavtale § 2-3:

Kommune	Drift	Inv. felles/ etterslep	Nye tiltak	Feiing/ gebyr	Total pr kommune
Bokn	1 468 104	14 350		244 634	1 631 081
		148 627		-244 634	
Karmøy	47 966 030	425 749		6 533 991	48 391 779
		-		-6 533 991	
Suldal	6 117 424	54 498		972 492	6 194 441
		22 519		-972 492	
Sveio	6 154 880	56 030		1 049 877	6 368 545
		157 635		-1 049 877	
Tysvær	12 322 371	111 093		1 799 166	12 627 130
		193 666		-1 799 166	
Utsira	241 481	2 983		38 960	339 045
		94 581		-38 960	
Etne	5 745 031	51 193		878 342	5 818 743
		22 519		-878 342	
Vindafjord	9 839 401	90 293		1 655 405	10 262 979
		333 285		-1 655 405	
Sum	89 854 718	1 779 023		-	91 633 741

Det forutsettes at innbetaling av tilskudd for hver eier skal skje med ¾ per 5.1.2021 og ¼ per 1.7.2021.

2. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks godkjenner handlings- og økonomiplan 2021-2024 slik den er fremlagt.

20/020 Sekretariat for IUA

Brannsjefen sin anbefaling

-

Saksbehandling i styret 14.10.2020

Styret støtter vurderinger gjort i saken sett fra et selskapsperspektiv. Styret mener at saken må legges frem for representantskapet der de ber eierne følge denne opp videre.

Styret mener at det var en forutsetning ved etablering av selskapet at sekretariatet for IUA skulle etableres i selskapet, men mener at slik situasjonen er i dag, kan en delt løsning være et alternativ.

Forslag til vedtak er:

Styret for Haugaland brann og redning iks ber representantskapet om å følge opp sak vedr. sekretariat for IUA Haugalandet.

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

STYREVEDTAK

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber representantskapet om å følge opp sak vedr. sekretariat for IUA Haugalandet.

Saksbehandling i representantskapet 13.11.2020

Det er viktig at selskapet kommer i posisjon for denne type samarbeid og en delt løsning burde vært diskutert. For å oppnå dette må eierne ha mulighet til å diskutere saken før de får saken fremlagt for endelig behandling i kommunestyret.

Forslag til vedtak:

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks tar til etterretning at Haugesund brannvesen skal være sekretariat for IUA Haugalandet.

Haugaland brann og redning iks tilbyr samarbeidsløsninger der vi sammen kan utnytte ressurser og personell til felles beste for hele regionen.

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks tar til etterretning at Haugesund brannvesen skal være sekretariat for IUA Haugalandet.

Haugaland brann og redning iks tilbyr samarbeidsløsninger der vi sammen kan utnytte ressurser og personell til felles beste for hele regionen.

20/021 Eventuelt

a. Rapport om brannsamarbeid

Sigmund Lier ber om en rapport til neste eiermøte som beskriver hvordan samarbeidet på Haugalandet har utviklet seg til å bli.

b. Eierstrategi- og melding

Mette Heidi Bergsvåg Eikrheim spiller inn ønske om å ha eierskap som tema i neste eiermøte. Elling Hetland informerer om at dette er allerede planlagt og vil følges opp.

c. Covid-19.

Gerd Helen Bø spurte om en status for selskapets status vedr. Covid-19 og om det skaper utfordringer for beredskapen. Det ble av daglig leder gitt en orientering.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	03.02.21	03/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – HELSE OG OMSORG

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunalsjef helse og omsorg om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Saksorientering

Utvalet vedtok i møtet 16.06.20, sak 14/20 følgjande:

<i>Møtet 09.09.20</i>	<i>administrasjonen v/rådmann</i>
<i>Møtet 04.11.20</i>	<i>oppvekst v/kommunalsjef Eide</i>
03.02.21	helse og omsorg v/kommunalsjef Gjerdevik
<i>05.05.21</i>	<i>økonomiavd. v/økonomisjef Bang</i>
<i>16.06.21</i>	<i>personal- og organisasjonssjef v/Dahle</i>
<i>08.09.21</i>	<i>samfunnsutviklar v/kommunalsjef Sandvik</i>

Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane kommunen har. Planen/invitasjonen blei oversendt kommunedirektøren 18.06.20

Vindafjord kontrollutval har utforma følgjande tre spørsmål som kommunalsjefen blir beden om å svare på i orienteringa:

Kan det gjerast rede for korleis den enkelte avdeling ligg i henhold til budsjett, ved avvik venlegast kom med ei kort oppsummering på kvifor?

Hvor mange aviksmeldingar er motteke ved din/dine avdelingar og på kva måte blir dei handterte?

Korleis er sjukefråværet pr. avdeling og kva evt. tiltak blir satt i verk for å redusere dette?

Aksdal, 27.01.21

Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyret	16.02.21	
Kontrollutvalet	03.02.21	04/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

BRUKARUNDERSØKING INNAN «RUS- OG PSYKIATRITENESTA»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tar brukarundersøkinga innan rus- og psykiatritenesta til orientering.

Saksvedlegg: Samanfating av resultata for brukarundersøkinga «*Psykisk helse og Rustenesta*» hausten 2020, dagsett 18.12.20

Bakgrunn:

Vindafjord kommunestyre vedtok samrøystes i møtet 22.09.20, sak 46/20 følgjande:

Vindafjord kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av revisjons-rapporten om «Rus- og psykiatritenesta» til orientering.

Vindafjord kommunestyre ønskjer å få framlagt resultata av brukarundersøkinga innan rus- og psykiatri når den ligg føre.

Vindafjord kontrollutval gjennomførte i 2019 ein forvaltningsrevisjon av Rus- og psykiatritenesta i kommunen. Utvalet handsama rapporten hausten 2019. Det blei satt ein frist på ni månader for administrasjonen til å følgje opp dei seks tilrådingane i rapporten.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøke om Vindafjord kommune har eit tilfredsstillande tilbod om tenester til personar med psykiske vanskar og/eller rusproblem. Undersøkinga omhandla også i kva grad kommunen i tilstrekkeleg grad sikrar brukarmedverknad på både individ- og systemnivå.

Oppfølging/tilbakemelding

Utvalet og kommunestyret handsama kommunedirektøren si tilbakemelding hausten 2020. Kommunestyret handsama sak i møtet 22.09.20, sak 46/20. Kommunedirektøren skreiv mellom anna følgjande i tilbakemeldinga:

- 1. Sikrar at dokument som skildrar ansvar og oppgåver er oppdaterte i samsvar med forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta***

- tenesta har korrigert og revidert delegeringsskjema til avdelingsleiarane som det vart kommentert i punkt 3.3.1.2. Ein har korrigert datoar og oppdatert innhald.
- tenesta har hatt ein gjennomgang av alle dokument/prosedyrar for å sikre at det er rett lovheimel/forskrift på dei. Dette arbeidet vert tatt med vidare når dokument vert revidert og nye vert laga.

2. Ferdigstiller rutinar for koordinerande eining

- koordinerande eining har forbetra og utarbeida ferdige rutinar for koordinerande eining, - sjå vedlegg 9

3. Sikrar at kommunen sine rutinar knytt til psykiatri og rustenesta

a. viser til kva krav i regelverket dei er meint å ivareta

- tenesta har gått igjennom rutinar som er laga og sjekka at de samsvarer med regelverket/lovverket. Dette er ein kontinuerlig prosess som krev oppfølging framover.

b. omtaler kva kommunale einingar som kan vere aktuelt å involvere og når i høve til brukargruppa, til dømes NAV eller pleie- og omsorgstenesta

c. omtaler kva rolle NAV har, og når tenestene skal vise brukarar vidare til NAV

- Punkt b. og c. – det er laga eit eige dokument som beskriv dette, sjå vedlegg 1

d. omhandlar korleis personar som kjem i akutt bustadkrise skal følgjast opp vidare for å sikre at behov blir ivareteke

- det er laga eit eige dokument som beskriv dette, sjå vedlegg 2

e. tydeleg omhandlar korleis brukarmedverknad skal sikrast ved tildeling og evaluering av tenester

- ivaretaking av brukarmedverknad er nå skildra i fleire dokument m.a. i «Tenestestandard» at :
 - tenesta er individuelt tilpassa
 - brukarmedverknad
 - gjennomføre brukarundersøking i eit tidsintervall på 2-4 år
 - brukarråd/ allmøte
 - FIT – tilbakemeldingsverktøy
 - individuell plan/ ansvarsgruppemøte
- sjå vedlegg 3

f. omhandlar når kommunen skal tilby miljøtenester

- det er laga eit eige dokument som omhandlar miljøteneste, sjå vedlegg 4

4. Etablerer oversikt over kompetanse innan psykiatri og rusområdet, behov for opplæring hos enkeltmedarbeidarar, kva kompetansebehov eininga har behov for no og i framtida, og utarbeider ein plan for korleis kompetansebehov skal sikrast mellom anna for å førebu kommunen i høve til rusreforma

- i kommunen sitt interne system har ein oversikt over kompetansen til dei tilsette i psykisk helse og rus, rutineane er nå endra i samband med at alle tilsette kontinuerlig skal legge inn endring i kompetansen sin, samt informere avdelingsleiar. – Leiinga har tilgang til denne oversikta.

- kompetansebehov og planlegging av tenestene for eininga blir vurdert saman med rettleiande lege, avd. leiar og einingsleiar, og blir tatt med budsjetthandsaming.
- veileदारar frå Helse- dir. blir lagt til grunn for vurdering /endring av kompetansebehov i kommunen.
- kompetansebehov blir tatt opp i medarbeidarsamtaler, i avdelingsmøter og i kvardagen mm.
- ved utlysing av ledige stillingar, blir det drøfta i lag med tillitsvald, veileदारar blir lagt til grunn, kva slag kompetanse ein har behov for, sjå vedlegg 5, for rutine

5. Går nærmare i dialog med brukarane og/eller deira representantar for å

a. undersøke nærmare kva koordinering brukarane saknar i tenestene og vurdere om det er hensiktsmessig å sette i verk tiltak.

- informasjon blir innhenta i dialog med den einskilde brukar, brukarråd og brukarundersøking
- det er planlagt ein brukarundersøking hausten 2020 for brukarar av tenesta- den er utarbeida internt i eininga for å få inn dei punkta som er nemnt i rapporten

b. innhente tilbakemeldingar omkring oppfølgingstenester dei meiner å ha meir behov for og kva som blir oppfatta som god og tilstrekkeleg oppfølging etter opphald på DPS

- informasjon blir innhenta i dialog med den einskilde brukar, brukarråd og brukarundersøking
- samarbeidsmøter med DPS

c. få innspel til korleis kommunen på best mogleg måte kan informere om kommunen sitt tilbod innan rus og psykiatri

- informasjon blir innhenta i dialog med den einskilde brukar, brukarråd , dialog med brukarorganisasjonar og brukarundersøking

6. Sikrar at midlertidig butilbod er organisert slik at bebuarane kan oppretthalde relasjonar og sosialt nettverk mv. jf. rundskriv til sosialtenestelova § 27

- I punkt 4.4.2 stiller revisjonen spørsmål ved om tilbodet i kommunen ivaretek krav om rundskriv til sosialtenestelova og §27 om midletidig butilbod. Bustaden blei kort tid etter at revisjonen var gjennomført, flytta frå Bjoa til Skjold og kommunen meiner nå at kravet vert innfridd.

Dei ti vedlegga som var vedlagt tilbakemeldinga frå kommunedirektøren er ikkje mangfaldiggjort.

Brukarundersøkinga

Vedlagt følgjer ei samanfating av resultata for brukarundersøkinga «Psykisk helse og Rus-tenesta» frå hausten 2020. Det går fram at svarprosenten er på 50 %. Dette er noko høgare enn i 2016, då svarprosenten var 29 %.

Undersøkinga syner at:

Undersøkinga viser at i snitt så er dei fleste brukarane er positive og fornøyde med det tenestetilbodet dei mottar, mellom 70- 80% svarar dette. Dei opplev at dei får god hjelp og at hjelpa er nyttig og at dei som jobbar i tenesta har god kompetanse.

Ei av utfordringane vi ser og som vi skal jobbe vidare med er brukarmedverking og kontakt opp mot pårørande. Vi ser vidare at det er ein del som ikkje har fått god nok informasjon og tilbod om Individuell Plan.

Kommunedirektøren skriv at dei vil jobbe vidare med desse områda:

- *Brukarmedverking- implementere FIT - Feedback Informed Treatment, er eit tilbakemeldingsverktøy kor behandlar setter brukarens perspektiv i fokus og samtidig evaluerer effekten av eige arbeid. Vidareutvikle Recovery tenkinga- «Kva er viktig for deg?» Utvikle brukarrådet slik at det blir ein betre kultur for å ta opp saker kontinuerlig og at det blir lettare for brukarane melde inn det som dei er opptatt av. Ein ser også eit behov for avklaring av roller i brukarrådet.*
- *Pårørandearbeid – få til eit meir systematisk arbeid opp mot pårørande, lage meir konkrete rutinar for kontakt mm.*
- *Individuell Plan - Motivere brukarane og gje god informasjon om Individuell Plan*

Sekretariatet sine kommentarar

Sekretariatet meiner kontrollutvalet og kommunestyret har fått det dei har bedt om, dvs. ei samanfating av brukarundersøkinga. Kommunedirektøren har tidlegare gjort greie for oppfølging av rapporten og har no lagt fram brukarundersøking frå hausten 2021. Kommunedirektøren skriv at dei er i ein prosess og vil jobbe vidare med fleira av områda.

Aksdal, 27.01.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

**Haugaland Kontrollutvalgssekretariat Iks
Postboks 57**

5575 AKSDAL

Kommunedirektør

Saksh: Yngve Folven Bergesen

Tlf:

Dato : 18.12.2020

Vår ref: 20/23611

Dykkar ref:

Arkiv: K1-216

Sammenfatting av resultata for Brukarundersøkinga Psykisk helse og Rus tenesta hausten 2020

Det vert vist til møte i Vindafjord Kontrollutval 9. september 2020 og sak 18/20 – Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Rus- og Psykiatritenesta». Kontrollutvalet bad då om at resultata frå brukarundersøkinga i tenesta vart lagt fram for Kontrollutvalet og Kommunestyret når dei ilgg føre. Resultata frå denne undersøkinga er samanfatta og vert med dette sendt til kontrollutvalet for gjennomgang og uttale før resultata vert lagt fram for kommunestyret.

2020 Svarprosent- 50% (2016 Svarprosent -29%)

Det er bra at vi har fått ein høgare svarprosent denne gongen, bildet blir meir representativt og ein får ein breiare oversikt over korleis tenestetilbodet vert oppleva frå brukarane sitt ståsted.

Undersøkinga viser at i snitt så er dei fleste brukarane er positive og fornøyde med det tenestetilbodet dei mottar, mellom 70- 80% svarar dette. Dei opplev at dei får god hjelp og at hjelpa er nyttig og at dei som jobbar i tenesta har god kompetanse.

Ei av utfordringane vi ser og som vi skal jobbe vidare med er brukarmedverking og kontakt opp mot pårørande. Vi ser vidare at det er ein del som ikkje har fått god nok informasjon og tilbod om Individuell Plan.

Vi vil jobbe vidare med desse områda:

- Brukarmedverking- implementere FIT - Feedback Informed Treatment, er eit tilbakemeldingsverktøy kor behandlar setter brukarens perspektiv i fokus og samtidig evaluerer effekten av eige arbeid. Vidareutvikle Recovery tenkinga- «Kva er viktig for deg?» Utvikle brukarrådet slik at det blir ein betre kultur for å ta opp saker kontinuerlig og at det blir lettare for brukarane melde inn det som dei er opptatt av. Ein ser også eit behov for avklaring av roller i brukarrådet.
- Pårørandearbeid – få til eit meir systematisk arbeid opp mot pårørande, lage meir konkrete rutinar for kontakt mm.
- Individuell Plan - Motivere brukarane og gje god informasjon om Individuell Plan

Med helsing

Yngve Folven Bergesen
kommunedirektør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	03.02.21	05/21
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «INTERNKONTROLL I BARNEHAGE OG SKULE»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Internkontroll i barnehage og skule» i samsvar med vedlagte prosjektplan/ med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Deloitte AS innanfor ei rame på 250 timar.

Saksvedlegg: «Internkontroll i barnehage og skule» – prosjektplan frå Deloitte, januar 2021

Saksorientering:

Ifølgje forskrift om kontrollutval og revisjon skal kommunen bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar.

Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 04.11.20, i sak 35/20:

Vindafjord kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet «Internkontroll og kvalitetssystem», med særleg vekt på barnehage og skule i neste møte.

Deloitte AS har med bakgrunn i dette vedtaket utarbeidd prosjektplanen som er vedlagt saka.

Revisjonen har skissert følgjande føremål:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Vindafjord kommune har internkontroll som skal sikre at kommunale barnehagar og grunnskular etterlev/blir drive i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Revisor har utarbeidd følgjande problemstillingar:

1. Er det utarbeidd felles system og retningslinjer for korleis internkontroll skal utøvast i høvesvis kommunale grunnskular og barnehagar i Vindafjord kommune?

2. *I kva grad blir det gjennomført risikovurderingar som del av internkontrollen i kommunale barnehagar og grunnskular i Vindafjord kommune?*
3. *I kva grad er det utarbeidd skriftlege rutinar og prosedyrar for sentrale oppgåver og arbeidsprosessar i skular og barnehagar i kommunen, under dette til dømes knytt til (ikkje uttømmande liste, meint som eksempel, kan bli endra):*
 - a. *Undervegsvurdering og vurdering av om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa*
 - b. *Tidleg innsats på 1. – 4. trinn*
 - c. *Vedtak om og vurdering av behov for spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp*
 - d. *Trygt og godt skule- og barnehagemiljø*
 - e. *Overgangar frå barnehage til barneskule, og frå barneskule til ungdomsskule*
 - f. *Den pedagogiske verksemda i barnehagen*
4. *I kva grad blir utvalde rutinar nytta?*
5. *I kva grad blir sentrale rutinar og prosedyrar systematisk evaluert og ved behov oppdatert/forbetra?*
6. *Har kommunen eit tilfredsstillande system for å avdekke og følge opp avvik i skular og barnehagar?*
7. *I kva grad har skular og barnehage kompetanse og bemanning i samsvar med regelverket?*
8. *I kva grad er det etablert system for rapportering som gjer det mogeleg for kommunen å ha oversikt over, og kontroll med, barnehagane og skulane si verksemd og eventuelle manglar?*
9. *I kva grad er det etablert organ for samarbeid med foreldre og elevar?*

Teamet vil bestå av prosjektleiar Ingrid Kalsnes og Frida Ur. Oppdragsansvarleg partner vil vere Birte Bjørkelo.

Ressursbruk

Prosjektet er kostnadsrekna til eit arbeidsforbruk på 250 timar. Det inkluderer førebuing, utarbeiding av prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport.


Budsjettert ramme for forvaltningsrevisjonar og selskapskontroller for 2021 er på ca. 250 timer.

Revisor vil kunne starte opp med prosjektet i februar og ventar å kunne levere rapport innan utgangen av august 2021.

Kontrollutvalet må ved tinging vurdere om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det utvalet ønsker å oppnå med prosjektet. Utvalet kan komme med egne innspel eller presiseringar i møtet.

Aksdal, 27.01.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Forvaltningsrevisjon | Vindafjord kommune

Internkontroll i barnehage og skule

Prosjektplan

Januar 2021

«Forvaltningsrevisjon av internkontroll i
barnehage og skule - prosjektplan»

Januar 2021

Prosjektplanen er utarbeidd for
Vindafjord kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1	Føremål og problemstillingar	2
2	Revisjonskriterium	4
3	Metode	5
4	Tid og ressursbruk	6

1 Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 4. november 2020, sak 35/20 utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av internkontroll i barnehage og skule. Internkontroll og kvalitetssystem er prioritert som nr. 1 på kontrollutvalet sin plan for forvaltningsrevisjon. I møte 4. november blei det frå kontrollutvalet presisert at det særleg skulle leggjast vekt på barnehage og skule.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Vindafjord kommune har internkontroll som skal sikre at kommunale barnehagar og grunnskular etterlev/blir drive i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Er det utarbeidd **felles system og retningslinjer for korleis internkontroll skal utøvast** i høvesvis kommunale grunnskular og barnehagar i Vindafjord kommune?
2. I kva grad blir det gjennomført **risikovurderingar som del av internkontrollen** i kommunale barnehagar og grunnskular i Vindafjord kommune?
3. I kva grad er det utarbeidd **skriftlege rutinar og prosedyrar for sentrale oppgåver og arbeidsprosessar** i skular og barnehagar i kommunen, under dette til dømes knytt til (ikkje uttømmande liste, meint som eksempel, kan bli endra):
 - a) Underevgsvurdering og vurdering av om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa
 - b) Tidleg innsats på 1. – 4. trinn
 - c) Vedtak om og vurdering av behov for spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp
 - d) Trygt og godt skule- og barnehagemiljø
 - e) Overgangar frå barnehage til barneskule, og frå barneskule til ungdomsskule
 - f) Den pedagogiske verksemda i barnehagen
4. I kva grad blir utvalde rutinar nytta?
5. I kva grad blir sentrale rutinar og prosedyrar systematisk evaluert og ved behov oppdatert/forbetra?
6. Har kommunen eit tilfredsstillande system for å avdekke og følge opp avvik i skular og barnehagar?
7. I kva grad har skular og barnehage kompetanse og bemanning i samsvar med regelverket?
8. I kva grad er det etablert system for rapportering som gjer det mogeleg for kommunen å ha oversikt over, og kontroll med, barnehagane og skulane si verksemd og eventuelle manglar?
9. I kva grad er det etablert organ for samarbeid med foreldre og elevar?

1.3 Avgrensing

Kommunen sitt ansvar for kommunale og private barnehagar er ulikt. Det er barnehageeigar som har ansvar for å sikre at verksemda blir drivne i samsvar med gjeldande lov og regelverk. I kommunale barnehagar er det derfor kommunen sitt ansvar å etablere tilstrekkeleg internkontroll for å ivareta dette ansvaret, medan internkontrollen i private barnehagar er den private barnehageeigaren sitt ansvar. Kommunen har likevel oppgåver som barnehagemynde (sjå omtale i kapittel 2). Med omsyn til timeramma i dette prosjektet, vil vi ikkje undersøkje

kommunen som barnehagemynde, men avgrense undersøkingane til barnehagar der kommunen er barnehageeigar.

Revisjonen omfattar ikkje undersøkingar av om det er etablert internkontrollsystem som skal sikre at skulane og barnehagane oppfyller føresegnene i forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

2 Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje uttømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Krav til internkontroll i skule

Kommunen skal etter kommunelova § 25-1 ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lov og forskrift blir følgt. Kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen. Frå 1. januar 2021 er det gjort endringar i opplæringslova, og føresegnene om internkontroll i tidlegare § 13-10 i opplæringslova er tatt ut fordi det blir dekkja av føresegnene om internkontroll i kommunelova.¹

Etter kommunelova § 25-1 andre ledd skal Internkontrollen vere systematisk og tilpassa verksemda si storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. I tredje ledd er det nærare definert kva internkontrollen inneber etter denne paragrafen:

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren

- a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll

2.3 Krav til internkontroll i barnehage

I barnehagelova § 9 går det fram at barnehageeigar skal ha internkontroll for å sikre at krava i barnehagelova med forskrift blir følgt. Også i barnehagelova er det presisert at internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa barnehagen sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold (andre ledd i § 9). Tredje ledd i § 9 i barnehagelova definerer krava til internkontrollen i barnehagen. Innhaldet i krava til internkontrollen har tilsvarande innhald som føresegnene om internkontroll i kommunelova § 25-1 tredje ledd a-e som referert over, men det er i barnehagelova stadfesta at det er barnehageeigar som skal ha internkontroll, ikkje kommunedirektøren slik det står i kommunelova. Dette ettersom det også er private barnehageeigarar, ikkje berre kommunale.

Som omtalt under kap 1.3 er det i private barnehagar den private barnehageeigaren som har ansvar for internkontroll. Kommunen har likevel oppgåver som barnehagemynde. Frå 1. januar 2021 er det gjort endringar i barnehagelova om internkontroll, samt krav om at kommunen skal likebehandle private og kommunale barnehagar når den utfører oppgåver som barnehagemynde (§ 11). I andre punktum i § 11 står det at kommunen skal organisere oppgåvene den har som barnehagemynde adskilt frå oppgåvene den har som barnehageeigar når dette er «egnet til å ivareta tilliten til kommunens partiskhet som barnehagemyndighet». Det er fleire endringar i barnehagelova knytt til kommunen som barnehagemynde, og når det gjeld kap. X som omhandlar tilsyn er ikkje dette tredd i kraft². Ettersom denne revisjonen berre omfattar kommunen som barnehageeigar har vi ikkje omtalt oppgåvene som barnehagemynde ytterlegare.

2.4 Kommunale styringsdokument og vedtak

Relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium.

¹ KS: [Endringar i Opplæringsloven fra 1. januar 2021](#)

² Kunnskapsdepartementet, [Delt ikrafttrd. Av lov 2020:91, endr. i folkehøgskoleloven, barnehageloven og voksenopplæringsloven m.m.](#) Her går det fram følgjande: Delt ikrafttredelse av Stortingets vedtak 12. juni 2020 til lov om endringer i folkehøgskoleloven, barnehageloven og voksenopplæringsloven m.m. (utfasing av tilskudd til kortkurs i folkehøgskolen, internkontroll for friskoler og barnehager, psykososialt barnehagemiljø, krav til og tilsyn med private barnehager, kommunal barnehagemyndighet, studieforbund m.m.). Loven trer i kraft 1. januar 2021 med unntak av endringsloven del IV (endringer i barnehageloven) ny § 10 første ledd andre punktum, ny § 13 og nytt kapittel X

3 Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon knyttet til interne rutinar, regelverk mm. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervju utvalde personar som har kjennskap til og/eller ansvar knytt til internkontroll i oppvekstsektoren. Dette vil kunne inkludere intervju med kommunalsjef for oppvekst og ev. rådgjevar(ar) i kommunalsjefen sin stab og PPT. I tillegg vil vi gjennomføre intervju med eit utval einingsleiarar i barnehagar og skular (inntil 7 intervju). Til saman tek vi sikte på å gjennomføre inntil 10 intervju. Med omsyn til den pågåande koronapandemien, legg vi i utgangspunktet opp til at intervju blir gjennomført via video (Skype/Teams).

3.3 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervju for verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Datadelen av rapporten vil bli sendt til kommunedirektøren for verifisering, og eventuelle faktafeil vil bli retta opp i den endelege versjonen. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdelar og eventuelle forslag til tiltak, bli sendt til kommunedirektøren for uttale. Kommunedirektøren sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4 Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Ingrid Kalsnes (manager) og Frida Ur (konsulent). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningsliner, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 250 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.


Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere i februar. Rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av august 2021. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir sett og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Vindafjord kommune og Deloitte.

Bergen, 25. januar 2021



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2021 Deloitte AS

SAKSGANG		
Utvalg	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	03.02.21	06/21

Saksansvarlig:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	217	

INVITASJON TIL DELTAKING I FORVALTNINGSREVISJON AV HAUGALANDSPAKKEN

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tar fylkestinget sin invitasjon til ein forvaltningsrevisjonsundersøking med tema Haugalandspakken til orientering.

Utvalet finn prosjektetmandatet interessant og ønskjer å bli halden orientert om arbeidet og dei konklusjonar som vil bli tatt når rapport ligg føre.

Alternativt:

Vindafjord kontrollutval sluttar seg til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjonsundersøking med tema Haugalandspakken i samsvar med vedlagt mandat.

Mandatet for undersøkinga godkjennast slik den ligg føre, men med også følgjande tillegg:
..... (må konkretiserast)

Meirkostnader som vil følgje kontrollutvalet sine tilføyningar i prosjektmandatet, er utvalet innforstått blir dekkja av kontrollutvalet, med eit øvre tak på timar..

Rogaland fylkeskommune kontroll- og kvalitetsutval får mynde til å godkjenne tillegg/justeringer i mandatet som følgje av kommunen si deltaking i forvaltningsrevisjonen.

Vedlegg: Prosjektmandat, vedtatt av FT og utarbeidet av Rogaland Revisjon IKS
Rogaland fylkesting sitt vedtak 08.12.20, sak 158/20

Bakgrunn

Kontrollsjef Mette Jensen Moen v/kontroll- og kvalitetsutvalgets sekretariat Rogaland fylkeskommune har i oversendelse den 14.12.20 skrevet til kontrollutvalgene i deltakende kommuner i Haugalandspakken og kontrollutvalget i Vestland fylkeskommune følgende:

Kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune vil gjennomføre en forvaltningsrevisjon av Haugalandspakken.

Fylkestinget godkjente et prosjektmandat for undersøkelsen i forrige møte den 08.12.20. Se vedlagte FT-sak 158/20.

Vår revisor Rogaland Revisjon IKS har fått oppdraget med å skrive rapporten.

Kontroll- og kvalitetsutvalget har registrert interesse fra andre deltakerkommuner i Haugalandspakken om å få delta i forvaltningsrevisjonen.

Alle kontrollutvalgene inviteres med dette til å delta i prosjektet.

Fylkestinget i Rogaland har godkjent prosjektmandatet for forvaltningsrevisjonen som gjøres på oppdrag fra kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune.

Andre kontrollutvalg gis anledning til å gjøre tilføyelser i dette prosjektmandatet, under forutsetning av at merkostnader som da eventuelt påløper, også bekostes av de kontrollutvalgene som ønsker endringer av mandatet. Rogaland Revisjon IKS vil kunne bistå kontrollutvalgene med nødvendige avklaringer.

Endelig prosjektmandat godkjennes av Kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune.

Det er ønskelig med rask avklaring fra kontrollutvalgene om det er aktuelt med deltakelse i prosjektet. Rogaland Revisjon IKS vil starte sitt arbeid rett over nyttår.

Ta gjerne kontakt om dere har spørsmål.

Rogaland kontroll- og kvalitetsutvalget diskuterte fremdriftsplanen for forvaltningsrevisjonen i møtet 26.11.20, sak 59/20. Det ble av utvalget gjort en avveining mellom hvor raskt arbeidet kunne komme i gang og hvor bred involvering det er rom for før prosjektet starter opp. Det var enighet i kontroll- og kvalitetsutvalget om å sende prosjektmandatet til fylkestinget for godkjenning før jul. Utvalget ønsket at Rogaland Revisjon IKS startet arbeidet så snart som mulig. Invitasjon til kontrollutvalgene til de andre deltakerkommunene i Haugalandspakken skulle så sendes etter at fylkestinget har godkjent prosjektmandatet for Rogaland fylkeskommune.

Kontrollutvalgene har nå fått anledning til å gjøre tilføyelser i mandatet, under den forutsetning av at merkostnadene som da eventuelt påløper, også bekostes av det enkelte kontrollutvalg. Rogaland Revisjon IKS vil kunne bistå kontrollutvalgene med nødvendige avklaringer.

Saksopplysninger

Haugalandspakken er en bompengepakke som geografisk innbefatter Rogaland fylkeskommune med kommunene Karmøy, Haugesund, Vindafjord, Vindafjord og Bokn pluss Vestland fylkeskommune med kommunene Sveio og Etne. Pakken har en varighet frem til sommeren 2023.

Haugalandspakken omfatter hovedsakelig en standardheving av de to viktigste transportårene gjennom regionen: E-134 mellom Haugesund og Etne og Etne og fv 47 gjennom de syv

involverte kommunene. I tillegg har det vært aktuelt å gjennomføre tiltak på E39 og på fylkesveier.

Selskapet er blitt tatt inn som prosjekt i kontroll- og kvalitetsutvalgets plan for forvaltningsrevisjon for 2021-2024. Planen ble lagt fram for fylkestinget til godkjenning i desember 2020.

Prosjektmandatet

Rogaland Revisjon IKS har utarbeidet et mandat for en forvaltningsrevisjon av Haugalandspakken. Formålet med prosjektet er å **evaluere den overordnede styringen** av Haugalandspakken for å danne et grunnlag for organisatorisk læring.

Prosjektet skal svare ut følgende problemstillinger:

1. Forutsetninger og porteføljestyring

– Hvilke forutsetninger lå til grunn for Haugalandspakken?

Og har forutsetningene blitt endret underveis?

Både forutsetninger som lå til grunn for pakken og statlige krav/føringer.

– Hvordan fungerte porteføljestyringen for prosjektene i pakken?

o Herunder vurderes bakgrunnen for endringer i opprinnelige prognoser.

2. Rapportering og beslutningsprosesser

– Hvordan har beslutningsprosessene og rapporteringsflyten i Haugalandspakken fungert?

3. Enkeltprosjekter

– I hvilken grad har beslutningsprosessene, planlegging og rapporteringen i enkeltprosjektene fungert på en god måte?

4. Læring

– Hvilke lærdommer kan trekkes fra gjennomgangen av Haugalandspakken?

Metodisk vil det benyttes intervju og dokumentasjonsgjennomgang. Det er anslått at det vil medgå **500 timer** til oppdraget. Det utgjør 40 % av fylkeskommunens budsjett til forvaltningsrevisjon.

Fra fylkeskommunen er det ønskelig med rask avklaring av deltakelse fra andre kommuner. Rapporten skal leveres i løpet av 2021.

Dersom det er behov for avklaringer, har Rogaland Revisjon IKS tilbudt seg å delta ved kontrollutvalgsbehandlingen i aktuelle kommuner. De aktuelle kommunene er: Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær og Vindafjord. De skal ha sine kontrollutvalgsmøter i perioden fra 26.01.21 til 15.02.21.

En tidsplan med at kontroll- og kvalitetsutvalget skulle behandle et endelig mandat i sitt møte 04.02.21 og fylkestinget til godkjenning den 23.02.21 er derfor ikke realistisk. Mandatet vil nok trolig bli lagt fram for fylkestinget i det påfølgende møtet den 27.04.21.

Ordfører i Karmøy kommune sendte den 10.11.20 brev til Rogaland fylkeskommune hvor han viste til formannskapet i møtet 02.11.20 hadde drøftet kommende revisjon etter en oversendelse fra kommunestyret. I brevet framgår bl.a følgende:

Formannskapet finner det naturlig at Karmøy, som viktig part i gjennomføringen av Haugalandspakken, får anledning til å delta i utarbeidelsen av mandatet for den kommende revisjonen. Med samme begrunnelse ser formannskapet det som en selvfølge at kommunen blir holdt løpende orientert om arbeidet, og de konklusjoner som til slutt blir trukket.

Arbeidet med en Haugalandspakke 2 er som kjent startet og en forvaltningsrevisjon slik fylkestinget nå har vedtatt å gjennomføre, vil være et særdeles viktig element og fundament for et mulig vedtak om at en framtidig pakke, i en eller annen form, skal gjennomføres.

Sekretariatets vurderinger

Sekretariatet er enig i at en forvatningsrevisjon av Haugalandspakken synes å være viktig, og finner foreslåtte problemstillinger i prosjektmandatet interessante. Imidlertid kan ikke sekretariatet se behov for ytterligere problemstillinger knyttet til Vindafjord sin deltakelse av og/eller involvering i selskapet. Dette kan av enkelte oppfattes som en defensiv holdning, men sekretariatet mener utvalget skal ikke overprøve politiske prioriteringer eller drive partipolitikk. Mye av misnøyen med pakken er knyttet til at det er blitt et betydelig misforhold mellom planlagte prosjekter og realiserte prosjekter siden etableringen av pakken.

Sekretariatet vil med dette anbefale å ta invitasjonen og prosjektet til orientering. Det samme vil innstilning vil lagt fram for de andre kontrollutvalgene.

